KONKURRANSEGRUNNLAG

Open tilbodskonkurranse
etter forskrifta om offentlege anskaffingar del I og IV

Anskaffing av tenester knytte til oppvekst- og omsorgssektoren; avlasting, praktisk bistand og alternativ læringsarena

Versjon februar 2026

1 GENERELL SKILDRING 3
1.1 Oppdragsgivar 3
1.2 Føremål og omfanget av anskaffinga 3
1.3 Kontraktsvilkår 4
1.4 Deltilbod 4
1.5 Viktige datoar 4
1.6 Føremål med anskaffinga og kravspesifikasjon 4
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN 7
2.1 Anskaffelsesprosedyre 7
2.1 Krav til lønns- og arbeidsvilkår 7
2.2 Offentlighet og taushetsplikt 7
2.3 Vedståelsesfrist 7
2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget 7
2.5 Tilleggsopplysninger ..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**
3 KVALIFIKASJONSKRAV 8
3.1 Skatteattest 8
3.2 Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling 8
3.3 Leverandørens si økonomiske og finansielle kapasitet 8
3.4 Leverandørens tekniske og faglige kvalifikasjoner 9
4 TILDELINGSKRITERIER 9
5 Innlevering av tilbod 11
5.1 Tilbodets utforming 12
5.2 Elektronisk signatur 12
6 Vedlegg 12

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Oppdragsgivar

Aukra kommune ligg i Møre og Romsdal fylke og har om lag 3 760 innbyggjarar. Størstedelen av folket bur på øya Gossen, medan rundt 1 200 innbyggjarar bur på fastlandsdelen Julsundet. Kommunen grensar til Hustadvika, Molde og Ålesund kommunar. For meir informasjon viser vi til nettsidene til Aukra kommune.

Opplysningar om oppdragsgivar og kontaktperson for oppdragsgivar kjem fram i konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV) til oppdragsgivar.

All kommunikasjon med oppdragsgivar skal skje gjennom KGV-et. Dette gjeld òg spørsmål og svar.

1.2 Føremål og omfanget av anskaffinga

Anskaffing av tenester knytte til oppvekst- og omsorgssektoren; avlasting, praktisk bistand og alternativ læringsarena.

Tenesta skal i omsorgssektoren gi nødvendig avlasting til pårørande med særleg tyngjande omsorgsoppgåver. Avlastinga skal vere fleksibel og tilpassa den enkelte brukar og familien sitt behov, og kan omfatte dag-, kvelds- eller døgnopphald. Praktisk bistand omfattar hjelp til daglege gjeremål og rettleiing for å styrkje brukaren si meistring i eigen kvardag. Tenesta skal vere individuelt tilpassa og dokumenterbar.

Leverandør skal tilby ein tilrettelagd læringsarena utanfor ordinær skole. Tilbodet skal koordinerast i tett samarbeid med skolen, og det kan vere aktuelt at skolen i periodar stiller med eigne tilsette på den tilrettelagte læringsarenaen. Arenaen skal fremje fagleg og sosial meistring gjennom praktiske og strukturerte aktivitetar, der målet alltid skal være tilbakeføring så snart som råd til ordinær skole.

Bakgrunn og behov

Aukra kommune har i 2025 kjøpt tenester frå Hollingsholm gard AS. Desse tenestene har berre omfatta:
• avlasting og praktisk bistand
• alternativ læringsarena for elevar i grunnskulealder

Kommunen har no behov for å lyse ut anbod for kjøp av tilsvarande tenester gjennom ei rammeavtale. Rammeavtalen skal gi kommunen høve til å inngå enkeltkontraktar med varigheit inntil 2 år, i påvente av eventuell ny konkurranse. Anskaffinga knyter seg til einskildståande og individuelle behov.

Årleg behov kan variere mykje. I 2025 vart det kjøpt tenester for totalt om lag 2.000.000 kroner. Dette gjeld både oppvekst-, helse- og omsorgstenester.

Maksimal verdi av kontrakten for heile avtaleperioden (inkludert opsjon på 1 + 1 år) er kr. 10.000.000.

Fullstendig skildring av leveransen følgjer av kravspesifikasjonen.

1.3 Kontraktsvilkår

• Kontrakten blir regulert av vedlagde kontraktsvilkår

• Avrop under rammeavtalen vil skje etter at oppdragsgivar har fatta vedtak om tenester for aktuell brukar eller elev.
• Dersom leverandøren ikkje allereie er rigga for oppstart, skal det givast nødvendig og rimeleg frist til førebuing og etablering av tenestetilbodet før oppstart.
• Det er teke sikte på å inngå rammeavtale med varigheit på 2 år, med opsjon på forlenging 1 + 1 år.
• Aukra kommune tek atterhald om at behovet for tenester kan endre seg i kontraktsperioden.
• Gjensidig oppseiingstid på 6 månader.

1.4 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gje tilbod på delar av oppdraget.

1.5 Viktige datoar

Oppdragsgivar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	Sjå Mercell
Frist for å levere tilbod	Sjå Mercell
Tilbudsopning	Sjå Mercell
Evaluering	1-2 månader
Eventuell dialog	1 månad
Val av leverandør og meddelelse til leverandørar	Sjå Mercell
Karensperiode	Sjå Mercell
Kontraktsinngåing	Sjå Mercell
Vedståingsfrist for tilbodet	3 MND

Det vert gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfristen er førebelse og kan bli gjenstand for justeringar. Ei eventuell forlenga vedståingsfrist kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

1.6 Føremål med anskaffinga og kravspesifikasjon

Aukra kommune inviterer til konkurranse om levering av omsorgs- og oppvekststtenester i form av:
• avlasting og praktisk bistand
• alternativ læringsarena for barn i grunnskolealder

Anskaffinga gjeld tenester retta mot barn og ungdom med samansette og varierande utfordringar. Symptombilete og funksjonsnivå vil variere mellom brukarane. Kommunen avgjer kva tenester som skal ytast, og dette blir fastsett gjennom enkeltvedtak.

Aukra kommune ønskjer moglegheit for å tilby barn i grunnskolealder ein alternativ og meir praktisk skoledag i periodar. Dette gjeld elevar som har utfordringar knytt til ordinær skolegang, og der sakkunning instans har tilrådd alternativ opplæringsarena. Tilbodet Aukra kommune ønskjer har ikkje særskilte krav til kva for tilbod den alternativ opplæringsarenaen skal ha, men det må være eit variert tilbod av praktiske art tilpassa ulike aldrar og som tilbydar må beskrive. Opplæringsarenaen må ha moglegheit for at elevane kan gjere skolearbeid, t.d. eit eigna, skjerma rom med skrivebord og stol. Opplæringsarenaen må vere tilpassa elevar med fysiske utfordringar, t.d. rullestolbrukarar.

Tenestene kan gjelde både brukarar under og over 18 år.

Absolutte krav til leverandøren

Krav til kompetanse
Personell som blir nytta i omsorgstenesta skal ha relevant fagkompetanse, til dømes: vernepleiar, sjukepleiar anna helse- og sosialfagleg utdanning, mellom anna fagarbeidarar innan helsefag og barne- og ungdomsarbeidarfaget

Minst ein tilsett knytt til omsorgstiltaket skal ha utdanning på høgskule-/universitetsnivå innan helse- og sosialfag. Leverandøren skal oppfylle krav til kompetanse ved vedtak etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9, jf. HOL § 9-2. Dersom det blir nytta personell som ikkje oppfyller lovkrava, skal det søkjast dispensasjon i tråd med HOL § 9

Personell som blir nytta overfor barn frå oppvekstsektoren må ha relevant formell kompetanse og/eller praktisk erfaring frå arbeid med barn og unge.

Krav om politiattest: Det er krav om gyldig politiattest for alt personell som skal utføre tenesta. Leverandøren har ansvar for å innhente og kontrollere politiattest før oppstart.

Absolutte krav til tenesta

Beskriving av areal og innhald:
Tilbyder må ha lokasjon i Aukra kommune eller nær omegn. Gjer greie for dei fysiske fasilitetane de vil nytte, og skildr konkrete døme på praktiske aktivitetar de vil tilby på den alternative læringsarenaen.

Pedagogisk og helsefagleg tilnærming: Skildr korleis de vil møte brukarar med samansette utfordringar, og kva metodikk de vil nytte for å handtere uønskt eller utfordrande åtferd.

Bemannings- og sårbarhetsplan: Det kreves utdanning på høyskole-/universitetsnivå innen helse- og sosialfag, gjør rede for hvordan dere vil sikre at kompetansekrav og kapasitet opprettholdes ved ferieavvikling og sykefravær.

• Omsorgstenestene skal givast med heimel i: pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, helse- og omsorgstenestelova § 3-7.
• Tenestene skal utførast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningsliner.
• Alt personell som yter tenestene skal ha relevant og tilstrekkeleg kompetanse.
• Personell skal overhalde gjeldande reglar om teieplikt.
• Det blir stilt krav til dokumentasjon i tråd med gjeldande lovverk, databehandlaravtale og GDPR.
• Løns- og arbeidsvilkår skal vere i samsvar med arbeidsmiljølova og gjeldande hovudtariffavtale.
• Tilsette som utfører arbeid under kontrakten skal ha minst like gode løns- og arbeidsvilkår som følgjer av gjeldande tariffavtale.
• Det skal ikkje nyttast innleigde konsulentar ved gjennomføring av kontrakten.
• Oppdraget skal utførast i sin heilskap av hovudleverandøren. Bruk av underleverandørar blir ikkje akseptert.

Klima- og miljøomsyn
Anskaffinga gjeld helse- og omsorgstenester der kvalitet, kompetanse og tryggleik er avgjerande for måloppnåing. Det er vurdert at klima- og miljøomsyn ikkje eignar seg som tildelingskriterium med vekting på minimum 30 %, då dette i avgrensa grad påverkar sjølve tenesteutføringa og kvaliteten på omsorga.
Klima- og miljøomsyn blir difor ivaretekne gjennom kontraktskrav, jf. anskaffingsregelverket.

1.9 Prising
Tilbodet skal oppgjevast med timepris og døgnpris (ved døgnopphald).
Prisane skal vere inklusive alle kostnader og tillegg, mellom anna:

- overtid
- heilagdagar
- kvelds- og nattillegg
- sosiale kostnader
- reise
- kost og losji
- administrasjon
- andre relevante utgifter

Det vert ikkje akseptert tillegg utover dei oppgitte satsane.
Døgnprisen vert justert årleg per 1. januar i samsvar med kommunal deflator. Fyrste regulering skjer 01.01.2027.Timeprisen skal inkludere alle kostnader knytte til leveransen, mellom anna reisetid og kilometergodtgjersle. Det vert ikkje gitt særskilt kompensasjon for dette. Kommunen kan avbestille planlagd avlasting kostnadsfritt fram til 14 dagar før oppstart. Dersom avbestilling skjer etter denne fristen, kan leverandøren fakturere for avtalte eller dokumenterte kostnader som ikkje kan avgrensast.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga vert gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) FOR 2016-08-12-974, del I og del IV. Kontraktstildeling vil bli føreteke etter prosedyren open tilbodskonkurranse

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover eventuelle avklaringar/korrigeringar. Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgivar vurderer det som føremålstenleg etter at tilboda er mottekne. Ingen leverandørar kan rekne med dialog og må difor levere sitt beste tilbod.

Leverandøren blir sterkt oppmoda til å følgje dei tilvisingane som blir gjevne i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål ved uklarleikar per e-post til kontaktperson.

2.1 Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om løns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

2.2 Offentlegheit og teieplikt

For allmenta sitt innsyn i dokument knytt til ei offentleg anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og den tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig betydning å hemmeleghalde, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

2.3 Vedståelsesfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til tidspunktet gjeve i pkt. 1.5

2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga i konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV).

2.5 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklart, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar hjå oppdragsgivar via konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV). Dersom det blir oppdaga feil i

konkurransegrunnlaget, vert det bede om at dette blir formidla til oppdragsgivar via KGV.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

For å kunne få sitt tilbod evaluert må leverandøren levere etterspurt dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava. Sjå òg pkt. 5.2.

3.1 Skatteattest

Krav	Dokumentasjonskrav
Skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt	• Norske selskap: Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod. • Utanlandske selskap: Ikkje et krav.

3.2 Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller registrert i eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert	• Norske selskap: Firmaattest. • Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

3.3 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Kredittverdigheit utan krav til tryggleiksstilling vil vere tilstrekkeleg til å oppfylle kravet.	• Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratingen skal vere utført av kredittopplysingsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd. • Oppdragsgivar tek atterhald om sjølv å hente inn ytterlegare kredittrating eller anna økonomisk informasjon som, men ikkje avgrensa til, årsrekneskap inklusive notar, styret sine årsberetningar og revisjonsberetningar.

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan leverandøren dokumentere den økonomiske og

finansielle kapasiteten sin ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar vurderer som eigna.

3.4 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	**Dokumentasjonskrav**
Leverandøren skal ha erfaring frå samanliknbare oppdrag.	Skildring av dei mest relevante oppdraga leverandøren har utført i løpet av dei siste fem åra. Skildringa skal innehalde opplysningar om oppdraget sin verdi, tidspunkt for gjennomføring og mottakar (namn, telefonnummer og e-postadresse). Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevansen av oppdraga gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaring ved å vise til kompetansen til personell leverandøren rår over og kan nytte i dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet utførte tenester for ein annan leverandør.

4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris / kostnad og kvalitet, basert på følgjande kriterium angitt i vekta rekkefølgje:

Kriterium	Krav til dokumentasjon
Pris / Kostnad (50%) - Evalueringa av pris tek utgangspunkt i samla time- og/eller døgnpris. - Lågaste pris får høgaste poengscore. - Ørvig tilbod får poeng i forhold til kor mykje høgare dei ligg enn lågaste pris (forholds messig modell). -	Prisskjema
Kvalitet (50%) Kvalitet vert vurdert ut frå følgjande moment: - Kompetanse og erfaring hos tilbydd personell Oppdragsforståing:	- Løysingsskildring

Kriterium	Krav til dokumentasjon
- Det vil bli lagt vekt på i kva grad tilbydar viser ei god forståing av oppdraget og målgruppa. - Dette omfattar mellom anna: - forståing av behova til barn og unge med samansette og varierande utfordringar - innsikt i sentrale faglege og praktiske utfordringar knytt til tenestene - forståing av kommunen si rolle, her under tildeling av tenester gjennom enkeltvedtak - evne til å identifisere risikofaktorar og kritiske suksessfaktorar for å sikre gode og forsvarlege tenester - Det vil bli lagt vekt på i kva grad beskrivinga er konkret, relevant og tilpassa den aktuelle målgruppa. - Lokalitet og variasjon i tilbodet: - Det er eit absolutt krav at tilbydar har lokasjon i Aukra kommune eller nærområdet. - I evalueringa av kvalitet vil det bli lagt vekt på i kva grad tilbydar tilbyr meirverdi utover minstekravet, her under: • tilgang til eigna og tilrettelagde lokale for ulike behov • variasjon i aktivitetar og tilbod tilpassa målgruppa • moglegheit for både innandørs og utandørs aktivitetar • fleksibilitet i bruk av ulike arenaer for	

Kriterium	Krav til dokumentasjon
gjennomføring av tenestene • Det vil bli lagt vekt på i kva grad tilbodet er variert, tilpassa målgruppa og bidreg til eit heilskapleg og utviklande tilbod for brukarane. • Kompetanse og erfaring hos tilbydd personell, der erfaring frå arbeid med målgruppa vil bli tillagt større vekt enn generell arbeidserfaring. Gjennomføringsevne og kapasitet: - Det vil bli lagt vekt på tilbydar si evne til å levere stabile og forsvarlege tenester over tid, her under: - tilgang på tilstrekkeleg og relevant bemanning, samt robustheit ved fråvær - evne til å stille med personell på kort varsel (beredskap og fleksibilitet) - kapasitet til å handtere fleire samtidige oppdrag ved behov - tilgang til eigna lokale og fasilitetar, der dette er relevant for tenesta - Det vil bli lagt vekt på i kva grad tilbydar dokumenterer at dei har ein stabil organisasjon som kan sikre kontinuitet i tenestene.	

5 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast via oppdragsgivar sitt KGV.

Tilbodet skal i sin heilheit leverast etter den utforminga oppdragsgivar sitt KGV angir, innan tilbodsfristen. Innlevering av tilbod pr e-post eller liknande vil medføre avvising av tilbodet. Tilbodet skal vere bindande. Leverandøren har risiko for uklarleikar i tilbodet.

5.1 Tilbodets utforming

Leverandøren skal fylle ut og svare på alle punkt i konkurransedokumenta. Dokumentasjon skal lastast opp som pdf-filer dersom ikkje anna format er spesifisert. Dokumenter som skal fyllast ut og leverast med tilbodet er:

- Tilbodsbrev
- Ørvig vedlegg

5.2 Elektronisk signatur

Oppdragsgivar tilrår leverandørane å nytte elektronisk signatur for å autentisere seg ved innlevering av tilbod. Elektronisk signatur kan bestillast på www.commfides.com, www.buypass.no eller www.bankid.no.

6 Vedlegg

- Kontrakt m/billag
- Tilbodsbrev

Versjon februar 2026